



Utval: Kommunestyret
Møtestad: Kommunestyresalen, Kommunehuset
Dato: 03.04.2019
Tidspunkt: 18:00 – 19:00

Følgjande faste medlemmer møte:

Navn	Funksjon	Representerer
Halvor Homme	Ordførar	AP
Geir Christian Enger	Varaordførar	KRF
Bjarne Reime	Medlem	KRF
Magne Haugsjå	Medlem	KRF
Ian Parry-Jones	Medlem.	SP
Stein Skåli	Medlem	SP
Inge Magnus Evja	Medlem	SP
Knut Oddvar Nes	Medlem	SP
Paul Willy Setane	Medlem	AP
Kai Halvor Juva	Medlem	AP
Andrea Fjalestad	Medlem	AP
Hølje Haugsjå	Medlem	AP

Følgjande medlemmer møte ikkje:

Navn	Funksjon	Representerer
Anne-Nora Oma Dahle	MEDL	SP
Runa Vee Tveit	MEDL	AP
Kristine Sandall	MEDL.	H
Jørgen Olav Nes	MEDL	FRP
Tore Solli	MEDL	AP

Følgjande varamedlemmer møte:

Navn	Møtte for	Representerer
Marianne Bråten Odden	Anne-Nora Oma Dahle	SP
Britt Nordbø	Runa Vee Tveit	AP
Oskar Nordli	Tore Solli	AP
Morten Øen	Jørgen Olav Nes	Uavhengig
Tore Skåli	Kristine Sandall	H

Følgjande frå administrasjonen møte:

Navn	Stilling
Sverre Sæter	Rådmann
Jan Arvid Setane	Kommunalsjef samfunn og utvikling

Frå saksnr.: 17/19
Til saksnr.: 23/19

Halvor Homme
ordfører

Saksliste

Utvalls- saksnr	Innhald	Lukka
	Saker til behandling	
PS 17/19	Kommunalt lån til Treungfestivalen as	
PS 18/19	Uteområda i barnehagane i Nissedal kommune	
PS 19/19	Vurdering av behovsvurdert redusert foreldrebetaling - SFO	
PS 20/19	Kjøp av Telemark bilruter sin rutebilstasjon	
PS 21/19	Interkommunalt samarbeid mellom Nissedal og Kviteseid - felles rekneskapskontor	
PS 22/19	Referat- og drøftingssaker	
PS 23/19	Samarbeidsavtale mellom Nissedal kommune og Sør-Øst politidistrikt	

Saker til behandling

PS 17/19 Kommunalt lån til Treungfestivalen as

Rådmannen si tilråding:

Det vert ytt eit lån på kr 1.000.000 (1.mill.) til Treungenfestival AS frå Nissedal kommune.

Lånevilkår:

- Lånet er rentefritt.
- Lånet er avdragsfritt i 2019 og 2020.
- Lånet vert nedbetalt over 10 år frå og med 2021 til og med 2030, med eit årleg avdrag på kr 100.000.
- Resterande lånevilkår og ei utdjuing av prinsippet for nedbetaling vert delegert formannskapet å utforme

Utlånet vert finansiert ved bruk av felles buffer.

Budsjettskjema 1A vert endra slik:

Bruk av ubundne avsetninga – kr 1.000.000

Til fordeling drift: +kr 1.000.000

Budsjettskjema 1B vert endra slik:

Næring og reiseliv: + kr 1.000.000

Saksprotokoll i Kommunestyret - 03.04.2019

Endringsframlegg frå AP, KrF og H:

1. Nissedal kommunestyre er glad for at Sparebanken Din vurderer den økonomiske situasjonen til Treungenfestival as som så god at det ikkje er aktuelt å vurdere ei gjeldssanering som del av eit eventuelt kommunalt engasjement.
2. Nissedal kommunestyre kan ikkje sjå at det på noverande tidspunkt er rett å gje eit langsiktig likviditetslån til Treungenfestival as
3. Nissedal kommunestyre stiller seg positivt til eit vidare samarbeid med Treungenfestival as, og ber rådmannen jobbe vidare med å finne fram til gode infrastruktur-tiltak som kjem både festivalen og ålmenta til nytte.

Endringsframlegg frå SP og Øen:

1. Nissedal kommunestyre kan ikkje sjå at det på noverande tidspunkt er rett å gje eit langsiktig likviditetslån til Treungenfestival as
2. Nissedal kommunestyre stiller seg positivt til eit vidare samarbeid med Treungenfestival as, og ber rådmannen jobbe vidare med å finne fram til gode infrastruktur-tiltak som kjem både festivalen og ålmenta til nytte.

Votering: 11 røysta for endringsframlegget til AP/KrF og H. Seks røysta for endringsframlegget til SP og Øen

Vedtak

1. Nissedal kommunestyre er glad for at Sparebanken Din vurderer den økonomiske situasjonen til Treungenfestival as som så god at det ikkje er aktuelt å vurdere ei gjeldssanering som del av eit eventuelt kommunalt engasjement.
2. Nissedal kommunestyre kan ikkje sjå at det på noverande tidspunkt er rett å gje eit langsiktig likviditetslån til Treungenfestival as
3. Nissedal kommunestyre stiller seg positivt til eit vidare samarbeid med Treungenfestival as, og ber rådmannen jobbe vidare med å finne fram til gode infrastruktur-tiltak som kjem både festivalen og ålmenta til nytte.

PS 18/19 Uteområda i barnehagane i Nissedal kommune

Rådmannen si tilråding:

Avsett sum til oppgradering av uteområde i barnehagane, kr 625 000,- inkl.mva vert disponert slik (jf. alt 1):

Haugsjåsund barnehage

Klatrestativ m/dempmattar kr 95 000,- inkl. mva.

Felle barnehage:

Asfaltering av uteområde – lage sykkelstiar kr 80 000,- inkl. mva

Solskjerming, planting av hekk kr 15 000,- inkl. mva.

Kyrkjebygda barnehage

Leikeapparat kr 35 000,- inkl. mva

Treungen barnehage:

Utbetring av uteområde

Større sandkasse

Leikeapparat

samla sum: : kr 400 000,- inkl. mva

Samla sum: kr. 625 000,- inkl. mva.

Prosjektramme vert auka med kr 240.000, knyt til ved vognskur i Treungen barnehage kr 210 000,- , samt flytting av gjerde, og ny port i Haugsjåsund barnehage – kr 30 000,- .

Investeringsbudsjett for 2019 vert endra jf. vedlagte budsjettskjema 2A og 2B.

Saksprotokoll i Formannskapet - 21.03.2019

Omforeina endringsframlegg:

- Auke prosjektet med asfaltering på felle med kr. 10 000 til kr. 90 000
- Kr. 150 000 inkl. moms til vognskur i Treungen
- Kr. 150 000 inkl. moms til vognskur i Haugsjåsund
- Kr. 30 000 inkl. moms til flytting av gjerde i Haugsjåsund går ut
- Kr. 35 000 inkl. moms til leikeapparat i Kyrkjebygda går inn i pågåande investeringsprosjekt i Oppvekstsenteret

Votering: samrøystes for endringsframlegget

Innstilling til kommunestyret

Avsett sum til oppgradering av uteområde i barnehagane, kr 625 000,- inkl.mva vert disponert slik (jf. alt 1):

Haugsjåsund barnehage

Klatrestativ m/dempmattar kr 95 000,- inkl. mva.

Felle barnehage:

Asfaltering av uteområde – lage sykkelstiar kr 90 000,- inkl. mva

Solskjerming, planting av hekk kr 15 000,- inkl. mva.

Treungen barnehage:

Utbetring av uteområde

Større sandkasse

Leikeapparat

samla sum: :

kr 400 000,- inkl. mva

Samla sum: kr. 600 000,- inkl. mva.

Prosjektramme vert auka med kr 275.000, knyt til ved vognskur i Treungen barnehage og Kyrkjebygda barnehage med kr 150 000,- inkl. moms til kvar av desse to barnehagane.

Investeringsbudsjett for 2019 vert endra jf. vedlagte budsjettskjema 2A og 2B.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 03.04.2019

Redaksjonell endring i formannskapet si innstilling: (...) Haugsjåsund barnehage med kr. 150 000 inkl. moms (...)

Votering: samrøystes for formannskapet si innstilling med redaksjonell endring.

Vedtak

Avsett sum til oppgradering av uteområde i barnehagane, kr 625 000,- inkl.mva vert disponert slik (jf. alt 1):

Haugsjåsund barnehage

Klatrestativ m/dempmattar kr 95 000,- inkl. mva.

Felle barnehage:

Asfaltering av uteområde – lage sykkelstiar kr 90 000,- inkl. mva

Solskjerming, planting av hekk kr 15 000,- inkl. mva.

Treungen barnehage:

Utbetring av uteområde

Større sandkasse

Leikeapparat

samla sum: :

kr 400 000,- inkl. mva

Samla sum: kr. 600 000,- inkl. mva.

Prosjektramme vert auka med kr 275.000, knyt til ved vognskur i Treungen barnehage og Haugsjåsund barnehage med kr 150 000,- inkl. moms til kvar av desse to barnehagane.

Investeringsbudsjett for 2019 vert endra jf. vedlagte budsjettskjema 2A og 2B.

PS 19/19 Vurdering av behovsvurdert redusert foreldrebetaling - SFO

Rådmannen si tilråding:

1. Det vert innført behovsvurdert redusert foreldrebetaling på SFO i kommunen. Familiar som oppfyller kravet for gratis kjernetid i barnehage og skal betale maksimum 6% av inntekta i barnehagebetaling (kr 533.500) skal betale kr 400 for ein fulltids plass i SFO, 13-20 timar. For deltidsplassar er prisane kr 310 – 7-12 t/v, kr 235 – 4-6 t/v, kr 175 – 0-3 t/v. Ordninga gjeld frå skuleåret 2019/2020. Satsar for redusert foreldrebetaling i SFO blir vedteke kvart år i samband med budsjettet
2. Frå skule-/barnehageåret 2019/2020 vert det rekna søskenmoderasjon uavhengig av om borna er i SFO eller barnehage. Nærare reglar/detaljar kring dette vert innarbeidd ved neste rullering av vedtekter for SFO og barnehage.
3. For dei som kjem inn under ordninga med redusert behovsvurdert foreldrebetaling, skal det ved kjøp av ekstradagar i SFO/Barnehage betalast ein sats på kr 50 pr. dag. Sats

for dette vert framover sett i samband med budsjettvedtak kvart år, på line med andre satsar for SFO/Barnehage.

4. Det vert ikkje innført ordning med gratis kjernetid i SFO.
5. Økonomisk effekt av tiltaka over vert å innarbeide i samband med handsaming av 1. tertial.

Saksprotokoll i Formannskapet - 21.03.2019

Votering: samrøystes for rådmannen si tilråding.

Innstilling til kommunestyret

6. Det vert innført behovsvurdert redusert foreldrebetaling på SFO i kommunen. Familiar som oppfyller kravet for gratis kjernetid i barnehage og skal betale maksimum 6% av inntekta i barnehagebetaling (kr 533.500) skal betale kr 400 for ein fulltids plass i SFO, 13-20 timar. For deltids plassar er prisane kr 310 – 7-12 t/v, kr 235 – 4-6 t/v, kr 175 – 0-3 t/v. Ordninga gjeld frå skuleåret 2019/2020. Satsar for redusert foreldrebetaling i SFO blir vedteke kvart år i samband med budsjettet
7. Frå skule-/barnehageåret 2019/2020 vert det rekna søskenmoderasjon uavhengig av om borna er i SFO eller barnehage. Nærare reglar/detaljar kring dette vert innarbeidd ved neste rullering av vedtekter for SFO og barnehage.
8. For dei som kjem inn under ordninga med redusert behovsvurdert foreldrebetaling, skal det ved kjøp av ekstradagar i SFO/Barnehage betalast ein sats på kr 50 pr. dag. Sats for dette vert framover sett i samband med budsjettvedtak kvart år, på line med andre satsar for SFO/Barnehage.
9. Det vert ikkje innført ordning med gratis kjernetid i SFO.
10. Økonomisk effekt av tiltaka over vert å innarbeide i samband med handsaming av 1. tertial.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 03.04.2019

Votering: samrøystes for formannskapet si innstilling

Vedtak

11. Det vert innført behovsvurdert redusert foreldrebetaling på SFO i kommunen. Familiar som oppfyller kravet for gratis kjernetid i barnehage og skal betale maksimum 6% av inntekta i barnehagebetaling (kr 533.500) skal betale kr 400 for ein fulltids plass i SFO, 13-20 timar. For deltids plassar er prisane kr 310 – 7-12 t/v, kr 235 – 4-6 t/v, kr 175 – 0-3 t/v. Ordninga gjeld frå skuleåret 2019/2020. Satsar for redusert foreldrebetaling i SFO blir vedteke kvart år i samband med budsjettet
12. Frå skule-/barnehageåret 2019/2020 vert det rekna søskenmoderasjon uavhengig av om borna er i SFO eller barnehage. Nærare reglar/detaljar kring dette vert innarbeidd ved neste rullering av vedtekter for SFO og barnehage.
13. For dei som kjem inn under ordninga med redusert behovsvurdert foreldrebetaling, skal det ved kjøp av ekstradagar i SFO/Barnehage betalast ein sats på kr 50 pr. dag. Sats for dette vert framover sett i samband med budsjettvedtak kvart år, på line med andre satsar for SFO/Barnehage.
14. Det vert ikkje innført ordning med gratis kjernetid i SFO.
15. Økonomisk effekt av tiltaka over vert å innarbeide i samband med handsaming av 1. tertial.

PS 20/19 Kjøp av Telemark bilruter sin rutebilstasjon

Rådmannen si tilråding:

Nissedal kommune kjøper Gnr. Bnr. For kr 6.575.000

Det vert vedteke å ta opp eit lån på kr 6.740.000, tilsvarande kjøpssum og omkostningar .

Budsjettskjema 2A vert endra slik:

Investeringar i anleggsmiddel:	+kr 6.740.000
Bruk av lånemidlar:	- kr 6.740.000

Budsjettskjema 2B vert endra slik:

Kjøp av rutebilstasjon:	+kr 6.740.000
-------------------------	---------------

Saksprotokoll i Kommunestyret - 03.04.2019

Saka er innstilt frå formannskapet, og ikkje rådmannen si tilråding.

Det vart reist krav om å lukke møtet i medhald av kommunelova § 31, 3 ledd.

Kravet om å lukka møtet fekk seks røyster. 11 røysta for ope møte.

Utsettingsframlegg frå SP: Saka utsettes.

Votering: utsettingsframlegget fekk 10 røyster (Ian Perry-Jones, Stein Skåli, Marianne Bråten Odden, Knut Oddvar Nes, Inge Magnus Evja, Tore Skåli, Morten Øen, Magne Haugsjå, Bjarne Reime og Britt Nordbø.) Sju røysta for å handsame saka (Paul Willy Setane, Kai Halvor Juva, Andrea Fjalestad, Hølje Haugsjå, Oskar Nordli, Geir Chr. Enger og Halvor Homme)

Vedtak

Saka utsettes.

PS 21/19 Interkommunalt samarbeid mellom Nissedal og Kviteseid - felles rekneskapskontor

Rådmannen si tilråding:

1. Nissedal og Kviteseid kommune etablerer eit forpliktande samarbeid innan fagområdet rekneskap.
2. Samarbeidet organiserast som eit administrativt vertskommunesamarbeid etter § 28-1b i kommunelova, med Nissedal kommune som vertskommune.
3. Samarbeidet skal ha ei minimumsbemanning på 1,6 årsverk, og Nissedal kommune lyser snarast råd ut 100% stilling innan fagområdet rekneskap.

4. Kostnader vert fordelt etter folketal pr. 01.01. det enkelte år.
5. Rådmennene får i mandat å utarbeide endeleg samarbeidsavtale.
6. Prosjektkostnader i 2019 vert å finne dekning for i tertial-rapportane.

Saksprotokoll i Administrasjonsutvalet - 21.03.2019

Votering: samrøystes for rådmannen si tilråding.

Vedtak

7. Nissedal og Kviteseid kommune etablerer eit forpliktande samarbeid innan fagområdet rekneskap.
8. Samarbeidet organiserast som eit administrativt vertskommunesamarbeid etter § 28-1b i kommunelova, med Nissedal kommune som vertskommune.
9. Samarbeidet skal ha ei minimumsbemanning på 1,6 årsverk, og Nissedal kommune lyser snarast råd ut 100% stilling innan fagområdet rekneskap.
10. Kostnader vert fordelt etter folketal pr. 01.01. det enkelte år.
11. Rådmennene får i mandat å utarbeide endeleg samarbeidsavtale.
12. Prosjektkostnader i 2019 vert å finne dekning for i tertial-rapportane.

Saksprotokoll i Formannskapet - 21.03.2019

Votering: samrøystes for rådmannen si tilråding.

Innstilling til kommunestyret

13. Nissedal og Kviteseid kommune etablerer eit forpliktande samarbeid innan fagområdet rekneskap.
14. Samarbeidet organiserast som eit administrativt vertskommunesamarbeid etter § 28-1b i kommunelova, med Nissedal kommune som vertskommune.
15. Samarbeidet skal ha ei minimumsbemanning på 1,6 årsverk, og Nissedal kommune lyser snarast råd ut 100% stilling innan fagområdet rekneskap.
16. Kostnader vert fordelt etter folketal pr. 01.01. det enkelte år.
17. Rådmennene får i mandat å utarbeide endeleg samarbeidsavtale.
18. Prosjektkostnader i 2019 vert å finne dekning for i tertial-rapportane.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 03.04.2019

Votering: Samrøystes for rådmannen si tilråding.

Vedtak

19. Nissedal og Kviteseid kommune etablerer eit forpliktande samarbeid innan fagområdet rekneskap.
20. Samarbeidet organiserast som eit administrativt vertskommunesamarbeid etter § 28-1b i kommunelova, med Nissedal kommune som vertskommune.
21. Samarbeidet skal ha ei minimumsbemanning på 1,6 årsverk, og Nissedal kommune lyser snarast råd ut 100% stilling innan fagområdet rekneskap.

22. Kostnader vert fordelt etter folketal pr. 01.01. det enkelte år.
23. Rådmennene får i mandat å utarbeide endeleg samarbeidsavtale.
24. Prosjektkostnader i 2019 vert å finne dekning for i tertial-rapportane.

PS 22/19 Referat- og drøftingssaker

Rådmannen si tilråding:

Referat- og drøftingssaker vert tekne til vitande.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 03.04.2019

E: Bustadtomter på Fjone og Haugsjåsund

Votering: samrøystes for rådmannen si tilråding.

Vedtak

Referat- og drøftingssaker vert tekne til vitande.

PS 23/19 Samarbeidsavtale mellom Nissedal kommune og Sør-Øst politidistrikt

Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret vedtek Avtale om Tenestetilbod mellom Nissedal kommune og Sør-Aust politidistrikt slik den ligg føre.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 03.04.2019

Votering: Samrøystes for rådmannen si tilråding

Vedtak

Kommunestyret vedtek Avtale om Tenestetilbod mellom Nissedal kommune og Sør-Aust politidistrikt slik den ligg føre.